

ARBEIDSLIV MESSE PROSJEKT

No kan du få jobb frå sofaen: - Om arbeidssøkjaren sit i Aurland, Bergen, Oslo eller Tyskland har ingenting å seia



DIGITAL JOBBMESSE: - Koronakrisa gjer at me må avlysa ei planlagt messe i Oslo, og det vart difor fortgang i planane om digital jobbmesse, seier Marie Tefre Birkeland, kommunikasjonsrådgjevar i Framtidsfylket. Foto: Pressefoto

Av [Sigrid Nese Thue](#)

11. juni 2020, kl. 11:47

Ei digital jobbmesse har lenge vore på agendaen til Framtidsfylket. Då koronakrisa slo inn, vart det brått høgaktuelt.

DEL



- Me skal skapa arenaer der arbeidslivet møter jobbsøklarar. Trendar i arbeidsmarknaden syner at desse møtepunkta oftare er digitale. Koronakrisa gjer at me må avlysa ei planlagt messe i Oslo, og det vart difor fortgang i planane om digital jobbmesse, seier Marie Tefre Birkeland, kommunikasjonsrådgjevar i Framtidsfylket.

Besøk ein virtuell jobbstand

At messa er digital betyr i praksis at du kan kapra jobben frå sofaen.

- Om arbeidssøkjaren sit i Bergen, Oslo, Aurland eller Tyskland har ingenting å seie. Alle som er på jobb jakt eller ønskjer å vita meir om verksemdene me har med oss er velkomne til å delta.

Den digitale jobbmessa er eit pilotprosjekt i samarbeid med jobbmesse, der eit knippe bedrifter frå fylket stiller med ein digital stand i eit gitt tidsrom.

- Me har med oss ti verksemdar. Arbeidssøklarane kan besøkja den virtuelle standen deira og få informasjon om kva jobbmoglegheiter dei tilbyr. Under messa er verksemdene tilgjengelege online for spørsmål og videosamtale, så her kan ein lett koma i kontakt med interessante arbeidsgjevarar.

Håp i eit krevjande arbeidsmarknad

Framtidsfylket håpar dei kan vera ei støtte for arbeidssøklarar i ei krevjande tid.

- Me ser ein viss nedgang i utlysing av ledig stilling som følge av koronakrisa. Samtidig ser me at det stadig dukkar opp nye, spennande stillingar. Framtidsfylket har blant anna med seg fem nye traineestillingar på messa. Normalt blir alle traineestillingane lyst ut på våren, men koronakrisa har sett ein del bedrifter på vent. No er dei oppe og nikkar igjen og klare for å gjera nyttilsettingar. Så det er håp, avsluttar Tefre Birkeland.

Lik dette 14k personar likar dette. Registrer deg for å sjå kva venene dine likar.

Les meir om: [Arbeidsliv](#) [Messe](#) [Prosjekt](#)

Fleire saker



Usikre på om europearane kjem til å strøyma til Sogn: - Eg håpar eg tek feil


ANNONSE



Jesper (28) styrer instagramkontoen til NRK: - Eg sjekkar nynorsken ekstra nøye



Sponheim om livet som fylkesmann: - Pendlarlivet har blitt meir slitsamt



Stian (31) og Johannes (26) skal byggja seksmannsbustad: - Me har ein plan om å få starta



Henjatunet fyller 30 år, og ein ny æra startar: - Det er eit prisverdig initiativet av dei som står bak

Sogn Avis

Utgitt av Sogn Avis AS • Adresse: Riverdalen 5, 6863 Leikanger • Sentralbord: 57 65 60 00 • [Konstituert redaktør: Eli Grotle](#)
• [Personvernpolicy / Informasjonskapsler](#) • [Redaktørplakaten](#)

© 2020

